

# Småbarnsdagar



To kursdagar i Førde,  
Sunnfjord Hotell  
2. og 3. november 2005

«Det sårbare barnet»

Arr.: «Samarbeidsgruppa for sped – og småbarn i risiko for psykiske vanskar»  
representert av BUP Førde, Familiehuset i Førde og Barneavdelinga ved FSS

## ONSDAG 2. NOVEMBER

- 08.30 – 09.00 Registrering og kaffi
- 09.00 – 09.30 Opning
- 09.30 – 10.45 Små barn med reguleringsvanskar, v/Dr. psychol. Vibeke Moe
- 10.45 – 11.00 Pause
- 11.00 – 12.30 «Barn eksponert for rusmiddel i fosterlivet resultat frå ei langtidsoppfølging», v/Dr. psychol Vibeke Moe.
- 12.30 – 13.30 Lunsj.
- 13.30 – 15.30 Det premature barnet – Ein far sin beretning, v/Nils Einar Rye.

## TORS DAG 3. NOVEMBER

- 09.00 – 11.30 Langtidsoppfølging av barn med låg fødselsvekt, v/Prof. dr. med. Ann-Mari Brubakk.
- 11.30 – 12.30 Lunsj.
- 12.30 – 14.45 Fagborg:
1. Premature barn v/ Barneavdelinga.
  2. Marte Meo, v/Familiehuset og Blåklukka foreldre-og barnsenter .
  3. ASQ v/Førde BUP.
  4. Webster Stratton v/Familiehuset.
  5. Småbarnstiltak i barnevernet, v/Blåklukka foreldre- og barnsenter.
  6. Lågterskeltilbod i Nordfjord til småbarnsforeldre og barna deira, v/ Nordfjord BUP og helsesøster.
- 15.00 – 15.30 Avslutning.

## Tema for dagane

### Reguleringsvanskar og russkader

Dr. psychol. Vibeke Moe har sidan 2002 forska på kva konsekvensar foreldrene sitt rusmisbruk har for barns utvikling. Undersøkelsen viser at desse rus-eksponerte barna utgjør ei risikogruppe, sjølv om dei blir plasserte i permanente fosterheimar tidleg i første leveår, og får vekse opp under det vi trur er gode omsorgstilhøve. Moe formidlar problemstillingar belyst utifrå nyare forskningsbasert kunnskap og klinisk erfaring.

### Ein far sin beretning

Nils Einar Rye, forfattern av boka «Uendelige øyeblikk», heldt på å miste sonen sin før han fekk sjansen til å bli kjend med han. Fødd tre månader for tidleg var vesle Nils Markus berre eit svakt pust av liv. Rye fortel ærleg og inderleg om si oppleving av desse månadene der tida stod stille; om ein far sin angst, maktesløyse, håp og om kjærleiken til ein son han så gjerne ville bli kjend med.

### Langtidsoppfølging av barn med låg fødselsvekt

Ann Mari Brubakk er professor i barnesjukdommar ved NTNU og leiar av ei langtidsundersøking av barn med låg fødselsvekt med tittel: «Barn med lav fødselsvekt som tenåringer». Her har ein sett på psykiatri, kognitiv utvikling, motorikk og syn, og samanlikna dette med avanserte MR-undersøkingar av hjernen.

Ann Mari Brubakk er og barnelege/nyfødtdmedisinar og overlege ved St. Olavs Hospital i bistilling.

# Fagborg

## Premature barn

For tidleg fødde barn møter verden i ein fase av livet der dei er umodne og sårbare. Dette stiller bestemte krav til korleis ein skal behandle desse barna i forhold til nærleik, samspel, berøring, stell og pleie.

I tillegg kan dei ha sjukdomar som kompliserer dette ytterlegare. Også foreldra er i ein sårbar situasjon, og treng hjelp og støtte. Justering av eigne forventningar og kunnskap om barna sine behov er naudsynt for kontakt og samspill med eit barn dei ikkje hadde venta å få til verden i ein så tidleg fase.

For å møte desse utfordringane, tar bl.a Nyføddavsnittet ved Barneavdelinga i bruk prinsipp frå både Kengurumetoden, samt NIDCAP – metoden (Utviklingstilpassa neonatalomsorg), noko som skal hjelpe oss å forstå kvart enkelt barn sitt individuelle behov betre. På Barneavdelinga vert og sjuke barn som er fødde til termin, innlagt med t.d. infeksjonar og medfødde sjukdommar.

## Marte Meo metoden

Dette er ein kommunikasjons – og relasjonsorientert rådgevings- og behandlingsmetode. Utgangspunkt for rådgeving er videoopptak av borna og omsorgspersonen i daglegdagse samhandlingssituasjonar. Vi studerer opptaket i lag, ser kva som skjer og kva som skal til for å støtte borna i den vidare utviklinga.

## Webster – Stratton Foreldregruppe

«Dei utrulege åra» – eit program for foreldresamarbeid. Dette er eit gruppe-tilbod for foreldre som opplever å ha særst urolege, trassige og adferdsvanskelege barn i alderen 3–8 år. Programmet gjev omsorgspersonar reiskapar til å løyse daglege utfordringar og konflikhtar, redusere adferdsvanskar og auke barnet sin sjølvtilitt.

Gruppene er samla ein føremiddag i veka i 12–14 veker, 2 1/2 time kvar gong. Aktuelle temaer er t.d korleis leike med barnet, ros og oppmuntring, effektiv grensesetting og behandling av adferdsvanskar. Vi gjer bruk av videoklipp, gruppedrøftingar, praktiske øvingar og heimeoppgåver.

## ASQ:

### ASQ (Ages and Stages Questionnaires) – kva er det?

Barn utviklar seg i svært ulikt tempo, og har best av å fylgje sin eigen utviklingstakt med passeleg merksemd og stimulering frå nære vaksne.

ASQ er eit kartleggingsinstrument som har til føremål å fange opp dei barna som treng vidare undersøking. Det omfattar 19 ulike spørjeskjema som dekkjer barn frå 4 til 60 månader. Det er foreldra som fyller dette ut. Helsepersonell skårer (enkelt) og tolkar foreldra sine svar og kjem fram til eit av tre alternativ, nemleg at barnet si utvikling truleg er i rute, at barnet bør undersøkjast på nytt med ASQ etter ei tid eller at nærare undersøking kan vere naudsynt.

ASQ involverer foreldra i vurderinga av barnet slik at det vert lettare å kommunisere om utviklingsvurderinga. ASQ kan t.d. nyttast til å fylgje barn tettare enn kva som ellers er vanleg for eksempel barn med kjende risikofaktorar.

ASQ kan og lette kommuniseringa mellom 1. og 2. linetenesta når barn treng meir omfattande undersøking og tilrettelegging av tiltak.

**Stad:** Rica Sunnfjord Hotel, Førde  
**Tid:** Onsdag 2. november 2005  
Torsdag 3. november 2005  
Kl. 08.30 – 15.30

**Påmelding:** Til BUP Førde v/ Familiehuset  
**Innan 10. oktober**  
Tlf: 57 82 84 30  
Faks: 57 82 84 40  
**E-post:** laila.thorsnes@helse-forde.no

Av organisatoriske årsaker, ønsker vi påmelding til dei ulike fagtorga:

**Sett kryss ved 2 av fagtorga de vil besøke:**

- Premature barn.
- Marte Meo.
- ASQ.
- Webster Stratton.
- Småbarnstiltak i barnevernet.
- Lågterskeltilbod til småbarnsforeldre og barna deira i Nordfjord.

**Kursavgift:** Kr. 500,- (2 dagar)  
Laxens lunsjtorg  
Pris kr. 225,- som skal betalast til hotellet

Lunsj dag 1:  Ja  Nei

Lunsj dag 2:  Ja  Nei

**Betaling:** **NB! Påmelding er bindande. Faktura vert sendt ut etter påmelding.**

**Godkjenning:** Kurset vil bli søkt godkjent av Dnlf og NPF i forhold til spesialisering/fagleg ajourføring.

## Småbarnstiltak i barnevernet

Blåklukka foreldre og barn senter er eit tilbod for familjar med barn i alderen 0–6 år, der det er naudsynt med hjelp og støtte over tid for å skape endring/utvikling av samspel og tilknytning.

Blåklukka har tilbod på døgnbasis, men tilbyr også tenester i heimen og dagtilbod på institusjonen.

Gode rammevilkår som tid, struktur, faglege og personlege ressursar, arbeidsmiljø/samarbeidsrelasjonar, fleksibilitet og omsorg er av dei mest grunnleggjande element som gjer endring og utvikling mogeleg.

## Lågterskeltilbod i Nordfjord til småbarnsforeldre og barna deira

Helsesøstre og jordmødre er nøkkelpersonar i det tidlege førebyggjande arbeid blant småbarnsforeldre og barna deira. I Nordfjord har helsestasjonane de siste fem år fått tilbod om konsultasjonar frå BUP, som støtte i sitt arbeid med gravide, og sped- og småbarnsfamiliar og barna deira. Nordfjord BUP har dessutan hatt eit lågterskeltilbod retta direkte til denne målgruppa ute på helsestasjonane. Vi vil beskrive dette tilbodet og gjør greie for ei evaluering av tilbodet som er gjort ved hjelp eit spørjeskjema besvart av helsesøstre og jordmødre i august/september –05.

## Målgruppe:

Helsesøstre, jordmødre, kommunelegar, barnelegar, personell ved fødeklinnikk og barneavdeling, BUP, VOP, familiekontor, PPT, barnevern, pedagogar og andre som arbeider med barn og familiar.